

Rapport: Formidlingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket

Gloppen folkebibliotek 2021:

LESETUR: Med reven, veven og kanskje stjernene

Gjennomføringa vart ganske annleis enn planlagt på søknadstidspunkt, mykje grunna koronaperioden, men også grunna andre arbeidskrevjande prosessar i Gloppen folkebibliotek sitt driftsår 2021. Men mange leseturar vart gjennomførde, på sin nye måte, i det spesielle året 2021. Skildring av gjennomføring, ut frå dei 4 bolkane i søknaden:

Bolk 1) Trådar i veven

3.mars 2021: «**Kunst og litteratur**». Gloppen kunstlag inviterte til eit årsmøte, som starta med 1 times foredrag med høgtlesing om bildande kunst med mange ulike innfallsvinklar henta frå bokhyllene i biblioteket. Frå Jon Fosse sin septologi til praktbok med Bård Breivik sine skulpturar.


1.juni 2021: «**Junikveld i Karnils**». Gloppen bygdekvinnelag inviterte til hyggeleg samkome utandørs i det gamle gardstunet Karnils, med betasupa, kaffi og kaker, og mange ulike innlegg. Ein bibliotekar deltok med 20 minutt høgtlesingsprogram, med utgangspunkt i nye romanar: Lars Amund Vaage: «Det uferdige huset», og Marianne Håheim si bok «Plikt».

5. oktober 2021: «**Bøker med saltsmak**». Program om bord i Det flytande litteraturhuset (Bokbåten Epos) liggande til kai i den vesle bygda Hestenesøyra, ei stad der var bokbåtstopp på 60-talet. Den bibliotektilsette tok utgangspunkt i bøker frå eiga lesing gjennom livet, og starta med opninga av «Den siste viking» Johan Bojer, før turen gjekk langt av garde til Stillehavet i boka «Femti øyer jeg aldri har vært på og aldri kommer til».

26. januar 2022: «**Hageliv i litteraturen**»: Programmet er planlagt haust -21, og vert gjennomført januar 2022, i samarbeid med Gloppen hagelag. I programmet vert det spennvidde, men m.a. desse titlane : Sofie Isager Dahl: Naboplanter (dikt)/ Tormod Haugland: Klungr (lite essay)/ Anna Fiske: Trær eg har møtt (illustrert oppvekstroman)

Bolk 2: Bålknitring under stjernene

28. oktober 2021: Høgtlesingsprogram i gapahuken ved Veslevatnet. Her inviterte 2 bibliotekarar til eit nærmøte med menneske frå bygda i skogen: Eit gjennomarbeidd litterært program bygd på tekstar frå boka Osebol av Marit Kapla. Bålbrenning og bålcaffi!




Bolk 3: Til SFO med stjernene

2., 3. og 9. mars 2021: Litteraturformidling og aktivitet: For første gang fekk SFO besøk frå biblioteket: Ein bibliotekar presenterte ein digital filmsnutt av boka Ulla av Anna Folkestad, og saman fargela dei sauene Ulla etterpå. Dei hadde det veldig kjekt. SFO ved 3 ulike barneskular i kommunen fekk besøk.

Bolk 4: Med reven på tur

5. og 6. oktober 2021: I staden for opplegg med Barnas turlag, vart det i staden invitert til program til sjøs: «Det flytande litteraturhuset» (bokbåten Epos) la til kai på Sandane, og to bibliotekarar inviterte barn til «Kast loss» - eit program med bok og song og spel: «Ro, ro, ro din båt, over Gløppefjord»



Mål:

- Å ta med litteraturen ut av biblioteket – på mange ulike arenaer
- Nå ulike brukargrupper: Barn, foreldre, andre vaksne, eldre
- Ha arrangement på arenaer i ulike bygdelag
- At alle tilsette (4 personar på 2,7 stilling) får meir erfaring og trygghet i ulike formidlingssituasjonar

Resultat:

Full utteljing på punkt 1 og 4, og noko mindre på punkt 2 og 3, men likevel, og ikkje minst: Vikarmidlane frå NB har gjort det mogeleg å ha ein grundigare programskapingsprosess - med alle dei ulike ledda: Frå ideutvikling og utarbeiding av mange ulike litterære program, kontakt med samarbeidspartnarar, kunngjering og anna førebuingarbeid, - til gjennomføring.

Alle tilsette har vore involverte, og alle har prøvd seg på nye måtar å arbeide på. Ein har leita fram mot og formidlingsglede, kvar for seg og saman fram mot dei ulike «leseturane», med fargekrit, med gitar, med kaffi på bål, og med personlege historier knytt til litteraturen. Bøkene og bibliotekarane har verkeleg vore på tur i 2021.

LESETUR!



Rekneskap:

Inntekter:

Formidlingsmidlar frå NB: 75.000.-

Utgifter:

Vikarmidlar 1,5 månadsverk: 75 000.-

Stadfesting: Sandane 8.11.2021  Torill Berge, biblioteksjef Gloppen folkebibliotek

